

# FLOTT G10-TURNERING!

I strålende solskin laurdag 24. august 2013

Vêrgudane var tydelegvis i det gåvmilde hjørnet då Sandsøy IL arrangerte miniturnering for G10 ein flott augustlaurdag. Strålende sol, stor fotballaktivitet og mykje folk på Oshaugane Stadion gjorde arrangementet til eit av det suksessfulle slaget.

Heile fem lag hadde teke turen til Sandsøya denne ettermiddagen, i tillegg til vertane Sandsøy/Kvamsøy. Unge fotballgutar frå Hjørungavåg, Hasundgot, Haddal, Tjørnvåg og Gjerdsvika, samt våre eigne, gjorde opp seg i mellom i fotballfredeleg kappestrid.

Sandsøy/Kvamsøy gjorde det skarpt i sine kampar, og sjølv om ein skal fokusere minst mogleg på resultat, er det ekstra artig når våre eigne hevdar seg godt.

Omsyn til ferjeavgangane legg alltid premissane når det vert arrangert turneringar og kampar så langt ute i havgapet. Eit luftig kampaoppsett gjorde at dei to siste av tre

runder vart spelt over 2x12 minutt, noko som truleg var midt i blinken for dei ivrige gutane.

Kampane vart leia av pipeblåsarane Lasse Strand Gule, Eirik Voksøy Bringsvor og Tor Arne Bringsvor. Mange tilreisande gjorde det til ein god økonomisk dag med mange besøk i kiosken. Ingen tvil om at vêret også var delaktig i så måte.

Totalt sett var det lite å klage på, alt i alt ei flott tilrettelagt turnering. Dei gjestande laga synest nok det var vel lang ventetid både før mellom og etter kampane, men det får dei heller tåle. Vi her ute må rekne med ventetid kvar gong vi er på reise fot...

